



Inger Marie Jordal
Ådlandsvegen 985
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2971 - 15/20577

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
16.11.2015

Godkjenning av søknad om fritak frå gjødselplan 2015 - GBNR: 39/5 Gaustad

Administrativt vedtak. Saknr: 408/2015

Saksutgreiing:

Inger Marie Jordal har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Dei har nyleg starta med sauedrift og drifta no er 6 vinterfora sauer, det er planen å auka dyretalet etter kvart som dei får sett i stand jordbruksarealet.. Det er 2 daa fulldyrka, 9 daa overflatedyrka og 12 daa innmarksbeite på bruket.

| Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet | | | | Kg Nitrogen | Kg Fosfor | Kg Kalium |
|---|-------------|--------------|-----------------|-------------|-----------|-----------|
| Kg | Gjødselslag | Totalt areal | Kg pr. daa | | | |
| 300 | 15-3-15 | 11 | 27 (slåttemark) | 4,8 | 0,7 | 4 |
| 6 m3 | sauemøk | 12 | 0,4 (på beite) | 0,8 | 1,5 | 0,6 |
| Sum | | | | 5,6 | 2,2 | 4,6 |

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen, kalium og fosforgjødsling, og det er ei lita mengde gjødsel som vert brukt. Produksjonen er liten, dei har få gjødseldyreiningar og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år. I utgangspunktet skal husdyrgjødsel spreia på slåtteareal, men kommunen kan godkjenna at det vert brukt på beite. Mengden husdyrgjødsel er liten og kommunen har ingen merknader til at denne vert brukt på beite.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.12.2020 for gnr. 39, bnr. 5, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Inger Marie Jordal

Ådlandsvegen 985 5918

FREKHAUG